
Fra: Marit Røttingen <Marit@abo-ark.no>
Sendt: 2. november 2016 13:43
Til: Kjersti Møllerup Subba
Emne: SV: Reg.plan Øvre Holbergstien - Grad av utnytting

Hei,

Ok. Me kan regne utnyttinga innanfor B9 på nytt, men bereknar då arealet av tal parkeringsplassar innanfor områda f_SPA1-f_SPA4, ikkje heile arealet sett av til parkering om du er einig.

Vennlig hilsen

Marit G. Røttingen

Arealplanlegger
406 96 616



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

marit@abo-ark.no
www.abo-ark.no

Fra: Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]
Sendt: 2. november 2016 08:42
Til: Marit Røttingen
Emne: SV: Reg.plan Øvre Holbergstien - Grad av utnytting

Hei og takk for svar!

Vi skal ikkje gjere dette til ei stor sak, men når det skal bereknast utnyttingsgraden samla for B9 er det jo B9 som er «tomten» det skal reknast utnyttinga for, og dermed må SPA1-4 vera med. Tomteutnyttinga for dei einskilde tomtane er eg enig med dykk i.

Har de elles fått sett på den andre e-posten eg sendte?

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba
Konsulent
Tlf: 41 42 42 47
E-post: kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Fra: Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]
Sendt: 28. oktober 2016 11:40
Til: Kjersti Møllerup Subba
Emne: SV: Reg.plan Øvre Holbergstien - Grad av utnytting

Hei,
Vi må ha ein gjennomgang av første epost du sendte.

Når det gjeld epost under kan eg svare kjapt. Utnyttingsgraden som er skildra på s. 18 i planomtalen viser korleis områda BKS1a- BKS6 (B9 i gjeldande plan) er samla sett i høve tomtegrunnlaget for området B9, altså samle BRA/tomtearealet B9. I berekninga har difor ikkje med BKS7 og BFS. Berekning av SPA1-4 er ikkje med då dette ikkje skal inngå i berekningsgrunnlaget, jf. s 34 i veileider om grad av utnytting. Det er ikkje ein del av tomta. Parkering som er innanfor tomta innanfor felt BKS1a, BKS1b og BKS7 har parkering med i berekningsgrunnlaget. BKS3 og BKS4 har parkering innanfor BKS1a og BKS1b. Dei andre felta har eigne parkeringsføremål. Dette er skildra på s. 18 i planomtalen. Håpar dette er forståeleg.

Vennlig hilsen
Marit G. Røttingen
Arealplanlegger
406 96 616



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

marit@abo-ark.no
www.abo-ark.no

Fra: Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]
Sendt: 27. oktober 2016 14:30
Til: Marit Røttingen
Kopi: Ingrid Raniseth
Emne: Reg.plan Øvre Holbergstien - Grad av utnytting

Hei igjen!
Eg held på å jobbe meg inn i denne planen, og håpar det er greitt at det kjem litt spørsmål undervegs.

Eg har med anna sett nærmare på berekninga av utnyttingsgraden side 18 i planomtalen. Her stussar eg litt når det gjeld bereking av **samla utnyttingsgrad** for området. Det kan sjå ut til at det er **tomtestørrelsen** på byggeområda BKS1-7 som er dividert med totalt tomteareal for å få fram utnyttingsgraden i %-BRA. Kan det stemme, eller er det berre tilfeldig at tala omtrent samsvarar? Det riktige er jo at det er berekna **bruksareal** innafor BKS1-7 samt parkeringsareala SPA1-4 som skal delast på totalt tomteareal (jf. rettleiaren «Grad av utnytting» § 5.5) For at vi skal vere sikker på at dette er riktig

ber eg om at de ser gjennom berekningane når det gjeld utnyttingsgradar på nytt, slik at det ikkje kjem overraskingar seinare når området skal byggast ut. Hugs også at areal for parkering, svalgangar, boder, sykkelparkering og anna overbygd areal skal vere med i bruksarealet så lenge føresegner ikkje seier noko anna. Veldig fint om det kjem tydelegare fram i planomtalen kva for areal som er rekna med i bruksarealet når utnyttingsgraden er berekna.

Det er berre å ta kontakt viss de vil diskutere dette nærmare eller har spørsmål. Eg er på kontoret her i Meland vanlegvis onsdagar og torsdagar.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba

Konsulent

Tlf: 41 42 42 47

E-post: kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no



Meland kommune

- Eit samfunn for alle -